

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 3 2020

Høverdalen - Lom - Garmo

79. årgang



GOD JUL!

BIBELN I SPRÅKET

Jubelår og jubileum

- Det skjer berre kvart jubelår, kan vi seie. Med det meiner vi at det skjer svært sjeldan.

Uttrykket, jubelår, er brukt i Det gamle testamentet. Her er jubelår kvart 50. år. I jubelåret skulle ein frigje slavar, og kjøpt jord skulle gjevast attende til den opphavlege eigaren utan vederlag.

I jødedomen er 7-talet svært viktig. Den sjuande dagen i veka, sabbaten, skulle vere kviledag. Kvart sjuande år vart kalla sabbatsår. Når ein hadde hatt sju sabbatsår (7 x 7 år = 49 år), var jubelåret det påfølgjande året, - altså det 50. året.

Feiringa av jubelåret vart innleia med blåsing i vêrhorn. Vêrhorn heiter på hebraisk «jobel».

Ordet jubel har altså opphavet sitt i hebraisk. Orda jubileum og jubilant har same opphav.

Sundag 20. desember kl. 19:30 kan vi anbefale å logge inn på "Lom kyrkjekommune" på Facebook. Då håpar vi å setje dykk i julestemning.

Fylg med i annonsen vi har i Fjuken og på Facebook for nærare informasjon. Gled dykk!

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Bente K. S.Ovesen tlf. 979 77 213
bente@spiterstulen.no

SOKNEPREST
Hans Johan Sagrusten, tlf. 47 97 64 73
hjs@bibel.no
KYRKJEVERJE
Ragnhild Rusten Lund, tlf. 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

TRUSOPPLÆRAR
Endre Skjåk, tlf 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

ORGANIST
Reidar Svare, tlf. 900 32 601

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld og Terje Blakarstugun
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdalen kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
konto: 2085.07.11772
KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds:	150,-
Utanbygds	200,-
Utanlands	250,-

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Oluf Kvålshagen, Anne
Sulheim, Runa Smedsmo,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Rønnaug Nyrrnes & Guri Husom
TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Presten sine tanker

Takk for meg til Lom!

Det ble bare noen måneders vikartjeneste som prest i Lom. Rett nok litt lengre enn jeg først hadde tenkt, men nå litt kortere enn jeg kunne ha lyst til! For jeg har hatt stor glede av å være i Lom og å ha min tjeneste som prest her.

Når jeg sier bare noen måneder, så er jo det dager og timer med opplevelser som fester minner og erfaringer. Og det tar jeg med meg med stor glede og takknemlighet når jeg reiser. Jeg har fått et glimt inn i ei bygd som viser at det ikke bare går an, men er helt nødvendig å kunne ta vare på tradisjon og kultur samtidig som det er plass til nyvinning og framtidsdrømmer.

For meg som de siste femti åra har gått rundt og ropt at ikke all utvikling er framskritt, så har det vært som å komme til sine egne; enten dere vil det eller ikke. Som prest har jeg jo også hatt mange dager og timer i møte med sorg og glede når det brenner som mest. Takk for at dere, på deres eget trygge vis har latt meg få bli en del av det.

Kanskje noen har opplevd at jeg har kommet i veien eller gjort noe sårende. Vit at jeg ser at ansvaret ligger på meg, men når det skjer så blir jo skaden på

den jeg sårer, jeg er lei for det! Likevel er nok det jeg først og fremst husker, alle de gode hilsner jeg har fått med meg gjennom dagene. Mye omsorg for en gamling i en stor prestegård.

Og så rakk jeg å bli litt kjent med to konfirmantkull: takk skal dere ha. For dere har virkelig klart å ta vare på gamlingen på skikkelig vis. Bygda har ikke noe å frykte med et sånt lag på startstreken:

Og til slutt:

Alt jeg har lykkes med kan jeg takke kirkestaben for. I kirken blir det ofte presten som blir den synlige, men vit at jeg har hatt en gjeng av tilretteleggere som ikke bare heier, men som gjør alt det nødvendige praktiske for at kirken kan fungere og jeg har kunnet gå inn i en jobb med trygghet for at alt fungerer rundt meg. Tusen takk! Jeg vet jeg vil savne dere!

Jeg ønsker dere og den kirken og den bygda dere jobber for alt godt videre!

Med hilsen fra Harald. Gammel pratsom korttidsvikar (som Fjuken ville sagt det).

Sutring på tampen!

Jeg kom og alt var godt tilrettelagt.

Dere skulle se – eller prøve kontorstolen min! Rett og slett farlig for en lat mann! Men så ble døren lukket og der satt jeg som en middels kommunal saksbehandler. Ikke noe galt med kommunale saksbehandlere; de trengs og de trenger ro for at saker skal løses.

Men prester har ikke saker; de har møter med folk og rom for fellesskap som jobb.

Da er det ikke mye hjelp i et saksbehandlingskontor! Det blir ikke prestearbeid av en god stol og en datamaskin. Når det er helg og fest har vi tre flotte og velegnede kirker å bruke. Men når det er hverdag og vi trenger å snakke sammen, løse problemer eller

trenger å se hverandre og vise at vi har både rom og tid tilgjengelig. Da savner jeg veldig den plassen hvor det går an å slå seg ned med en kopp kaffe og en hyggelig prat, mens det fortsatt er mulig for alle de fem ansatte å trekke seg tilbake for å gjøre en jobb.

Nå sitter vi på tre små kontorer og virker verken gjestfrie eller åpne for samtaler. Kanskje vi kunne ta i mot den nye presten med et nytt kirkekontor som viser at hverdagskirken finnes og den er full av trivsel og liv! Da håper jeg dette ikke blir sutring, men en utfordring til å tenke på nytt.

Med hilsen fra Harald som nå forlater godstolen.

Juleandakt

Har du sett lyset fra et nyfødt lite menneskebarn? Sett øyenes lys og hjertets jevne slag? Kjent hvordan ditt eget hjerte banker av kjærlighet og du blir berørt av det vesle barnet som gir, bare ved å være til. Du har kanskje også opplevd hvordan møtet med den vesle gir retning, for en håpets veg inn mot framtida.

Det siste året har vært, og er preget, av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også frykt og angst for dagen i dag, og morgendagen. Alle lurar vi på hvordan framtida vil bli.

Det har vært vanskelig å holde avstand. Særlig krevende har det vært for dem som har vært på sykehus og ulike helseinstitusjoner, og deres nærmeste. Å ikke kunne ha besøk gir både en følelse av ensomhet og sorg.

Hverdagen med covid-19 viser oss hvor sammensatt livet er. Vi har fått en djup erfaring og erkjennelse av at vårt felles ståsted er livets sårbarhet.

Jeg tenkte på dette da det var kirkejubileum i Tingelstad gamle kirke, St Petri nå i sommer. Der er det en kopi av det gamle alterfrontalet, med Himmeldronninga. Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryker sin mor ømt på kinnene og sier slik at Gud, kom med nåde og kjærlighet.

Fra Maria på alterfrontalet i St Petri, dirrer sangen om tro, mot og tydelighet på Guds vilje om rett og rettfærdighet. Når alle har samme Skaper og opphav så har vi også medansvar for hverandre, i det nære men også ute i verden.

Å følge etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye ukjente landskap, ut fra evangeliets grensesprengende kraft til å åpne livets kilder og framtidshåp for alle mennesker.

Gud kommer til jorda vår som et lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud vet hva det er å være liten, at Gud også vet hva oppgjør med ødeleggelse er.

Sammen med mennesker over hele jorda, hører vi, og lever vi, i juletonen som har klangbunn av eksistensiell ensomhet. Lindringa kommer som glimt av å høre til i noe som er stort, større enn oss sjøl.

Vi aner, gjenkjenner og tror på Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt iblant oss. Kristi kjærlige lys holder oss fast, i sannhet og håp for livet her og i evigheters evighet. Sammen med folk over hele verden synger vi derfor om fred på jorden, om barnet som er født og håpets lys som er oss gitt.


Velsignet julehøytid ønskes dere alle!
Biskop Solveig Fiske



Vinterlego i julehøgtida

Her kjem ei skildring frå julekvelden på ei seter i ei av grannebygdene våre.

Vinterlego var eit kjent fenomen også her i bygda. Da låg dei på setra med dyra utover hausten og vinteren for å føre opp seterhøyet. Vi ynskjer å fokusere på miljøskildringa i forteljinga som er henta frå «Etter gamalt II» av Edvard Grimstad.



Kjerringa på Nistugun låg på setra med dyra på førjulsvinteren.
«Ho hadde med seg dei to minste borni sine, ei vetlgjente som heitte Anne, og ein gut som heitte Ola.

Desse tri var einslege i selet. Men truleg var det folk i hine selom. ... Det var ordna godt for desse tri på seter'n, så det skulle ikkje vera noko som vanta. Det var stutte dagar nå inn under jul, og om kveldan' brann det friskt på åren, og da var bundingen og ofte rokken framme.

Dei var flittuge og nytta tidi dei gamle. Dei små, trauste timberhusi ... var mest gøymde av snø. Ut gjennom små, attrima glasruter lyste eit rauleg ljøs frå feitvedskiom på åren.

Det var kveldsstelt til julkvelden på Nistugun. Krøteri hadde fått julkveldsvandulen. Det kom ein klunk ender og gong av bjølla. Elles var det så stilt og fredeleg.

Inne i selet hadde mori fjelga, som skikken var, til helgi. Borni visste ikkje om jultre og julgåver da, men dei var lauga og reine frå topp til tå, og var glade, for dei kravde ikkje meir. Elden på åren loga og lyste, laga skuggar oppunder åsom i taket, skein nedover kvitskura vegger, benker og krakkar, blenkte i ein ljøsstake med heimstøypte ljøs i på ei litol slagskive, eit slikt bord som dei brukar på setrom mange stader ennå.

Det var kvitskura med skrivabrød og rumbrød, smørform og ost og avletter. Det skulle vera fullt av mat på bordet julkvelden, og det var det på seter'n og, og maten skulle stå på bordet natti over.

Det lea seg ljøskast bortover golvet, som var hardtrampa jord. Nå til julkvelds var det strøytt med kvit sand og finhakka eine. Og elden lyste på ei mor med to små born. Det var full julhelg.

Ute glima og blenkte stjernon' frå ein høg himmel. Mori gjekk ut på dørhella og stod eit bel og såg seg om, såg på himmelen med stjernom, såg det høgtidelege blå ljøsskinet bortover vidden'. Ho kjenner at ho er med i den store høgtid. ... mori gjekk inn i selet, stengde døri, kara opp i elden og la ny ved på.

Borni skulle ha julkveldsgraut, og meda' dei åt, fortalde mori om den fyrste julkvelden, og song salmar og barnesongar for dei.

Kvelden gjekk, borni var mette og barneaugo trøytt, og alle kraup saman i den store, breie sengi. Lite om senn minkar elden på åren. Så legg natti seg over selet.»

Julehelsing frå Lom kyrkjelege råd

Det er naturleg å sjå attende på året som har gått. Heile landet og verda har vorte prega av pandemi og det gjeld også oss i Lom, sjølv om vi heldigvis har hatt få tilfelle av smitte her, så langt. Mange har vore redde, mange har vore einsame og kjent seg isolerte. Vi har vore i ei form for karantene og særleg vanskeleg har det vore for dei på Helseheimen, pårørande, i vår omgang med familie og vener, sosiale fellesskap og i kyrkja.

Vi var så heldige å få Harald Schøien hit som vikarprest, og da fekk vi ein prest som ikkje såg seg i beit for å få til noko, sjølv om vi vart stengt ned. Det vart streama messer, utemesse og etter kvart fekk vi opna kyrkjene våre. Det var godt både for prest og kyrkjelyd. Det er med vemod vi må ta farvel med Harald og takke han for all hjelp, gode ord og iver, og at han ville vera her denne rare tida. Det er godt at vi kan ynskje prest Hans Johan Sagrusten velkomen til oss. Har startar her 1. desember og vi håpar han og familien hans vil trivast og finne seg godt til rette i Lom.

I haust har vi fått kyrkjevevjerje på plass, Ragnhild Rusten Lund, i førebels vikariat. Dessutan har vi fått ny organist, Reidar Svare. Dei er baa to velkomne i staben! Terje Blakarstugun har slutta som fast organist, men held fram i arbeid i og rundt kyrkjene. Han er kjent på det meste, så det er godt å ha han med vidare.

Vi som nå er i Lom kyrkjelege råd, har starta på vårt andre år og kan sjå attende på eit utfordrande, men spanande år med ymse oppgåver og utfordringar. Ein stor takk til dei som sit i rådet og i staben, for godt samarbeid, gode møte, interesse og engasjement. Gode innspel og vilje til å ta på seg oppgåver. Vi håpar å sjå mange på dei ulike arrangementa som er framover i og rundt kyrkjene våre. Vi skal legge til rette for godt smittevern, så det skal vera trygt for alle.

Ei riktig god adventstid til alle, - god jul og godt nytt år, og vel møtt i kyrkja!

Helsing Bente

Julekveldsmesse i Lomskyrkja

For mange i Lom vert det ikkje jul før ein får vore i kyrkja på messe, og det er ofte nær full kyrkje denne dagen. Grunna koronaen har vi framleis restriksjonar for kor mange vi kan sleppe inn i kyrkja til same tid. Difor ynskjer vi i år å ha 2 messer denne dagen, for at flest mogleg skal få høve til å koma. Vi treng difor påmelding, slik at dykk skal sleppe å reise til kyrkja, for så å bli møtt i døra til full kyrkje. Messene vert kl. 13:00 og 15:00.

Påmeldinga skjer til kyrkjekontoret@lom.kommune.no eller 481 65 527 / 481 65 528



Opprusta trapp

Hovudtrappa inn i Lomskyrkja har sidan 1993 vore utan skiferheller på stega oppover.

Dei gamle smuldra opp, og vart diverre ikkje erstatta den gongen.

Stega var ruglete og trappa var ikkje noko god å gå i, uhell har det og vore der.

Sidan Lomskyrkja er freda, er det ikkje berre å setja i gang med vedlikehaldsarbeid utan godkjenning av riksantikvaren.

Etter litt kommunikasjon fram og attende, fekk vi svaret vi ynskte oss.

Skiferplatene vart bestilt og Helge Husom og Kristian Turtum gjorde eit framifrå arbeid. Vi fekk eit godt tips om å nytte grus utan tilsett salt som strømiddel, for å ta betre vare på trappa framover.

Ein kan mildt sagt si at det vart ei ny og mykje betre oppleving å gå inn i kyrkja!



Lomsklangen med gjester sikrar julestemninga

Julekonsert i Lomskyrkja søndag 20. desember kl. 19:30

Medverkande denne kvelden er Ragnhild Kvåle Olstad, Kjartan Haugen Foss og Reidar Svare.

Konserten vert strømma.

Avlyst!

Konfirmantar 2020

Konfirmantane i Lom kyrkjekommune fekk ei heilt annleis konfirmanttid enn det som er vanleg.

Ikkje nok med at det har vore fleire ulike innom i undervisinga, men så kom viruset som kjem til å prege oss i mange år framover. Når skulane stengde ned, vart det sjølvstøtt brått slutt på konfirmantundervisinga og. Vi som er vande med å ha festdagane om våren, måtte tenkje nytt, og flytte konfirmasjonane til hausten. I samråd med dei føresette fastsette vi nye datoar.

Prest Harald Schøien kom til Lom heilt i starten av korona-stenginga, og fekk avslutte konfirmasjonstida med dette kullet. Harald har arbeidd med konfirmantar og ungdommar i mange år, og attendemeldingane frå både partar var veldig positive. Vi håpar difor at konfirmantane sit att med gode minner etter denne tida.

Alle bilete: Lars Kurt Haugen.

Konfirmantar i Bøverdal kyrkje laurdag 29. august kl. 12:00



1. rad: Ingrid Sveinhaus Marstein, Marita Moen Nørjordet og prest Harald Schøien.
2. rad: Ådne Holø, Syver Stø Mundhjeld

Konfirmantar i Garmo kyrkje laurdag 5. september kl. 12:00



Jo Bjørgen, Linnea Lyngved Marstein, Ingrid Grøna og prest Harald Schøien.


Konfirmantar i Lom kyrkje laurdag 26. september kl. 12:00



1. rad: Inga Byre Forberg, Magnhild Moen Helland, Silje Aaboen, Linnea Katharina Aukrust, Celine Svaet, Pia Johannessen Mork og prest Harald Schøien.
2. rad: Asmund Moen, Marius Øyen, Amund Helstad, Ola Vole, Viljar Smedsmo Vinsrygg og Stian Kvamme.

Trusopplæringa

Av trusopplærar Endre Skjåk



STØRST AV ALT

Bakedag og utdeling av 4-årsbok

Kyrkja i Lom har fått ein tradisjon med å invitere alle 5-åringane i bygda til bakedag. I år stilte 8 talentfulle bakarar med forkle og kjevle i kyrkjelydshuset.

Her vart det laga både lomper, rundstykke og eplekake, og ungane tok del i alle ledd i produksjonen. Vi tok oss også tid til å synge litt i lag og til slutt måtte sjølvstekt baksten prøvast. Dommen var klar; lomperne var jælma gode og nesten akkurat som vanlege lomper, kanskje til og med betre!

Bollane smakte også utmerka, og godt var det for dei skulle nyttast som nattverdsbrød på messa dagen etter.

Da var det nemleg utdeling av 4-årsboka i stavkyrkja. 14 ungar møtte opp og gjekk i prosesjon inn i kyrkja i lag med dagens dåpsfylgje. I tillegg var nokre av bakarane frå dagen før med og bar inn brødet, så det vart eit imponerende fylgje.

4-åringane vart også med og leidde ein song for resten av kyrkjelyden under messa som elles var prega av tekstar og salmer som ein kan finne att i boka dei fekk. Ein del av 4-åringane var også med og sådde blomar i krukker ved vassposten bak kyrkja i vår og etter messa samla vi oss der.

Blomane har vore med og pryda kyrkjegarden i heile sumar men no er også desse på veg mot vinterdvale. Vi takkar for godt oppmøte på to trivelege dagar.

Trusopplæringa framover

Sundag 29. november kl. 15:00 er det ljosmesse i Lomskyrkja. Der ynskjer vi å gje 3-åringane ei kalenderbok.

Sundag 13. desember kl. 11:00 vert det messe med Luciatog i Lomskyrkja. 8-åringane vert spesielt invitert til dette.

Sundag 21. februar vert det messer i Garmokyrkja kl. 11:00 og Bøverdalskyrkja kl. 19:00. 9-åringane vert spesielt inviterte for å få teikneseriebibel.

Invitasjon kjem i posten.

Atterhald om koronarestriksjonar.



I Lom kyrkjekommune ynskjer vi at det skal vera plass til alle. Om ungen din ikkje er døypt og difor ikkje står i registra våre, har vi ikkje høve til å sende ut invitasjon til våre trusopplæringstiltak. Om du likevel kunne tenkt deg å ta med ungen din på ting som skjer hjå oss, er dykk hjarteleg velkomne!

Ta kontakt med oss på kyrkjekontoret, så kan vi notere oss dette ynskje, og framover sende invitasjon. kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Nye folk i den kyrkjelege staben

Vi vart veldig glade då Reidar var ein av søkerane til organist-stillinga vi lyste ut, og i tillegg var han den best kvalifiserte. Då han hadde takka ja til stillinga og dette vart offentleg, fekk vi mange smil og gode ord. Folk uttrykte at dei var veldig tilfredse med at Reidar kjem attende til Lom.



Det er vanskeleg å presentere ein som alle kjenner. Reidar har i grunn presentert seg sjølv gjennom arbeidet sitt både i musikkskulen, som "revyartist", som dirigent for Gjellingjomen og sjølvstendig songar. Han er ofte spurd om å syngje i gravferder, og difor kjend i kyrkjene våre i Lom.

Reidar kjenner bygdefolket godt, og vi tenkjer dette gjer at han vert ein rikdom for musikklivet i kyrkja.

Han startar ikkje før 1. desember, men tjuvstarta med salmekveld 28. oktober i kyrkjelydshuset. Det viste seg jamvel at Reidar hadde gebursdag nett denne dagen. Så vi starta kvelden med gebursdagssong og ein bukett papegøyetulipanar.

Han hadde vald ut salmane denne kvelden, og det viste seg at Reidar har ein variert musikksmak. Vi song ordinære salmar og salmar inspirert av både irske og norske folketonar. Mellom anna salme nr. 219, som har melodi frå Lom. Organisten song salmen med 3 ulike melodiar, alle frå bygda.

Vi har ei tid prata med dei tilsette i kyrkja i Skjåk om å samarbeide om trusopplæringa. Endre Skjåk vart tilsett i eit år i prosjektstillinga. Han er og kjend for dei fleste i bygda vår, gjennom mellom anna olsokspelet i Presthaugen og den årlege russerevyen. Han spelar på mange strenger og er ide-rik, mellom anna skriv han og Harald prest på eit spel til konfirmantane om kristninga til Heilag Olav i samband med jubileet neste år.



Ragnhild Rusten Lund er for tida vikar i kyrkjevevrestillinga.

1. desember må vi med veldig tungt hjarte og alt felte tårer ta avskjed med Harald Schøien. Presten som kom som eit friskt pust inn i staben vår, heilt i starten av koronataida. Vi feira 75-årsdagen hans på trappa i prestegarden med song, flagg, kake og stjerneskot. Ein ungdommeleg prest, med beina på bordet og laptoppen i fanget, tross sine mange år. Han har vore ein god støttespelar, samtalepartnar og eit godt medmenneske i denne rare tida. Vi kryssar fingrar for at han tek med seg kona Kristin og kjem attende og besøker oss.



Gledeleg er det at vi kan ynskje Hans Johan Sagrusten velkomen. Han er frå Lalm, men flytta frå der i ungdomsåra. No kjem han flyttande til Lom med kone og ein gut på 10 år. Han får berre gode ord frå folk vi er i kontakt med, så dette vert nok bra. I fyrste omgang skal han væra her til juni, men vi håpar sjølvsagt at han og familien vil trivast hjå oss, og kanskje verte værande lenger.

Vi ynskjer alle dei nye velkomne med på laget!



Bilete frå ein triveleg salmekveld i kyrkjelydshuset.

Kistebrev

Som kjent er det på Systugu Garmo en privat samling av inventar som ble tatt ut av stavkirken da den ble revet. Ved et besøk på dette ganske sjeldne museet ble jeg gjort oppmerksom på noen ark som var stiftet fast under et kistelokk.

Fire av dem med bilder av kongelige i Danmark-Norge på slutten av 1700 og egne hyllingsvers. De to som er gjengitt her er små vers som forteller bibelhistorie med illustrasjoner!

Her er det syndefallet og dets konsekvens som beskrives. Det er ganske interessant å se hvordan livets tre går over fra å være en velsignelse til en forbannelse for menneskene. Det er knyttet til forståelsen av at når det onde får plass i menneskene så må de ikke kunne leve evig for da vil ondskapen aldri stanse.


Slike kistebrev var vanlige i Tyskland og Danmark og fant også veien til Norge. De var laget som tresnitt og ble trykket som nidvers eller hyllingsvers, men også som opplæring og påminnelse som her. De hadde sin storhetstid på slutten av 1700, men finnes visstnok så langt tilbake som 1400.

I alle fall ser vi at informasjon ble spredt og tatt imot også før internett!

1. DE FØRSTE MENNESKER ADAM OG EVAS SYNDEFALL.

De første mennesker Gud syndeløse skapte
men den uskyldighet i paradiset de tapte
Der sto et kunnskaps tre hvis frukt Gud dem forbød
I må ei smake den, det virker eders død.

Nu kom forføreren, den onde gamle slange
og sagde, se her kun: I bør ei være bange
Hvorpå først Eva åt og siden Adam med
og bleve syndere ved slik ulydighet,



2. ADAMS OG EVAS UTDRIVELSE AV PARADIS.

Da synden over var, Guds bud var overtrædet
da skjulte menneskene i fra og ikke lengre gædet,
men fryktede for Gud og hans retferdighet
da Eden var da ei for dem et oppholdssted.

Guds visdom derfor bød, de skulle straks forlate
det skjønne paradiset for seg ei mer at skade
Ved livstrets frukt og evigt synde her.
En kjerubs vakt for dem en nåde for oss er.



Desse teikningane er å finne som maleri på veggane i Vågå kyrkje.

Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

(Luk.2.1-20)

Kreative ungar på Loar skule



På Loar skule har dei eit laftesett som er populært og mykje brukt.

Vi som er innom skulen i blant har sett mykje fine byggverk laga av dette, og denne fine kyrkja er det 7. klasse som står bak.

Bilete: Kari Anne Skjaak

Garmo kyrkje

Lom kyrkjelege råd har fått innspel i høve til utsmykking av kyrkja i Garmo. I fyrste omgang gjeld dette altertavla. Tanken er å få betre fram den fine treskurden. Eit forslag går ut på å hengje opp eit klede bak altertavla i ei farge som gjer at skurden syner betre. Men det kan òg vera andre måtar å gjere det på. Dersom nokon har tankar eller innspel om dette, er vi glade for å høyre frå dykk innan 1. januar 2021. Vi veit òg at det finst utsmykking frå gamle Garmo kyrkje mellom anna på Glomdalsmuseet. Vi ynskjer å ta eit initiativ for å høyre om det er mogleg å få dette attende til kyrkja.

For Lom kyrkjelege råd

Kari Langøygard, tlf. 99159561
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 97977213

Korona og smittevern

Då kyrkjene vart opna att etter korona-stenginga, fekk vi smittevernleiar frå Den norske kyrkja. Denne har vi fulgt så godt vi kan. Men vi evaluerer omtrent kvar messe, for å finne ut om det er noko vi kan bli betre på.

- Vi skriv ned namn på alle som kjem, eller ein i kvart fylgje, om det kjem mange saman. Desse listene vert lagt i ein safe på kontoret i 10 dagar, før dei vert makulert.
- Salmebøkene våre må i karantene etter bruk. Ofte er det 2 veker til neste messe, og da er det ikkje noko problem. Har vi brukt salmebøkene innan karantida er over, legg vi dei til sides.
- Vi vaskar berøringsflater.
- Alle må bruke antibac og halde 1 meters regel. Dette må og dei besøkandei kyrkjene vera med å passe på.
- Om ein ikkje kjenner seg frisk, lyt ein halde seg heime.

På helgemessa oppmoda vi om å setja seg i sideskipa, da det var ein del folk denne messa. Vi såg at dette rådet ofte ikkje vart fylgt. Det er vårt ansvar å legge til rette for smittevern, men folk lyt og passe på seg sjølve og ikkje minst dei rundt seg.

No i adventstida har vi både skulebesøk og messer der det kjem ein del folk. Vi ynskjer alle velkomne og alle skal føle at dette er trygt. Og vi håpar at alle som kjem hjelp oss med dette, med tanke på å halde avstand og å bruke antibac som står i våpenhuset.

Bruk av pynt og levande ljøs på kyrkjegardane

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Garmo og Lom. Folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljøs, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljøs eller noko som helst med flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri.

Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

Særskild julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20.januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtektene

Vi minner om at varmeomnane i kyrkjene er på!

Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme!

Vi vil difor be dykk alle om å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/skosålar innpå omnane.



Heim og ætt

Døypte:

Lom:

18.10. Ragna Bjørgen Rolvsjord



Vigde:

Lom:

11.07 Liv Grasdalsmoen og Øyvind Angard
26.09 Kristine Aarnseth Kirkbak og Christopher Ruud



Jordfesta:

Bøverdalen:

18.09 Rønnaug Myren f. 1929

Garmo:

25.09 Halvdan Sole f. 1935
03.11 Anne Kristine Horten f. 1931

Lom:

02.10 Heidi Pettersen f. 1958



Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem som oftast ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar.

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året, og oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Lom.

Vi set også stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit julegåvetips?

Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

Prestegardens kvinneforening er framleis aktive, men møtet i november vart avlyst grunna korona. Møta fram til neste kyrkjeblad vil bli kunngjort saman med messene våre i Fjuken.



Da salmekveldane i kyrkjelydshuset i Lom har vore særskilt vellukka, vil vi halde fram når vi får ny prest. Vi ventar med å planlegge nye datoar til Hans Johan Sagrusten er på plass. Desse kveldane vil bli kunngjort saman med messene våre i Fjuken.

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. feb 2021!


Kyrjekontoret vil halde stengt i romjula.

Glimt frå tidlegare årgangar

2

Kyrkjeblad for Lom

Lom helselag har kjøpt sjukebil.



I samsvar med vedtaket på siste årsmøtet i Lom Helselag gjekk styret straks i gang med å finne utveg til å få tak i ein «førsteklasses spesialbygd sjukebil for sjuke-transporten i Lom».

Tanken var først å kjøpa eit ambulansechassis frå U. S. A. og få karosseri påbygd her i landet. Søknad om lisens for innføring av eit slikt chassis med anbefaling av ordførar *Kveum* og distriktslækjar *Ander- sen* og dessutan av generalsekretær *T. Gedde—Dahl*. Nasjonalforeningen mot tuberkulosen for folkehelsen, som Lom Helselag er med i, vart sendt til Samferdselsdepartementet. Etter oppgåve frå bilfirma og karosserifabrikk ville bilen koma på ca. 20 000,—.

På grunn av valutasituasjonen var vone- ne med omsyn til lisens heller små. Men på ein fyrespurnad til Samferdselsdep. mentet i juni vart det svara at laget skulle få melding så snart det vart ei utveg. I mellom- tida vart Nasjonalforeningen spurt om ho kanskje kunne hjelpa på einkvan måten i valutaspørsmålet. Svaret var nei, men generalsekretæren sende på ny ei anbefal- ing av lisenssøknaden til departementet.

I august fekk så laget frå bilfirmaet *Cederwall-Larsen & Patt* i Oslo tilbod om ein Mercedes-Benz 170 sjukebil, fullt fer- digbygd med 1 bære frå fabrikk. Sam- ferdselsdepartementet hadde gjeve lisens for innføring av 8 slike bilar frå tysk vest- sone og sett Lom Helselag opp på lista som nr. 7. Styret dryfte tilbodet straks, og då ein var i tvil om bilen passa for tilhøva her, sa firmaet seg straks viljug til å demon- strera bilen for styret på staden før det tok si avgjerd. Prøva var tilfredsstillande og

bilen vart kjøpt. I samanlikning med kva eit ambulansechassis frå Amerika med karosseri påbygd her ville ha kosta, vart prisen svær rimelege, kr. 14 900,— levert i Oslo.

Bilen har allereide vore mykje nytta og ser ut til å fylla dei krava ein må setja til ein forsvarleg transport av sjuke.

Etter årsmøtevedtaket skal bilen stajo- nerast på Ottadalen Helseheim. Garasje er under byggjing. Helselaget skal betala halve kostnaden.

Sjåførspørsmålet er dessverre, når dette blir skrive, enno ikkje løyst. Men vonleg læt det seg gjera å finna ein tilfredsstillan- de skipnad med det allerførste.

På årsmøtet vart det og vedteke å setja i gang ei *ekstrainnsamling* til innkjøp av sjuke bilen. Den første summen til denne innsamlinga er allereide kr. 500,— frå *Garmo* kvinnelag. Vi vonar at andre lag og korporasjonar vil mannjamt fylgja det- te vakre føredømet. Det ville og vera giltt om *Garmo*, *Lien* og *Bøverdal* krinslag av Lom Helselag ville skipa til ein basar kvar i haust. Elles har den tanken vore sett fram å dra på ein innsamlingsturné med sjuke bilen i heile bygda. Dag og tid kjem i tilfelle til å bli nærare kunngjort. Tilskott kan og sendast direkte til lagskasseraren *T. Kvandalsvoll*.

Som alle skynar, har kjøpet av bilen gått hardt inn på Lom Helselags likvide midel. Det trengst difor eit økonomisk krafttak no, om ein skal makta dei oppgåvene laget har på seg elles.

Når den bilen er komen, skal alle og ein kvar som gjennom åra har gått inn for laget og gjeve det sin stønad, ha stor takk. Utan den ålmenne oppslutning som laget stor sett har kunna gleda seg ved i alle år, ville denne viktige velferdssaka for bygda truleg enno ha måtta venta lenge på si løysing. Samferdselsdepartementet og Na- sjonalforeningen skal og ha takk for sin medverknad i lisensspørsmålet.

Hans Ahlstrøm.

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 29.11. 1. søndag i advent
LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse. Konfirmantane tek del i messa. Utdeling av kalender til 3-åringane.
Offer til eige arbeid.

Sundag 29.11. 1. søndag i advent
GARMO KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse. Konfirmantane tek del i messa. Offer til eige arbeid.

Sundag 06.12. 2. søndag i advent
BØVERDAL KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse. Konfirmantane tek del i messa. Offer til eige arbeid.

Sundag 13.12. Luciadagen
LOM KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste med Luciatog.

Sundag 20.12.
Inga messe denne dagen. Men fylg med på "Lom kyrkjekommune" på Facebook.

Torsdag 24.12.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Juleeftasmesse.

Torsdag 24.12. Juleaftan
LOM KYRKJE kl. 13:00. Familiegudsteneste. Offer til Frelsesarmeen. Påmelding til kyrkjekontoret. Sjå rubrikk i bladet.

Torsdag 24.12. Juleaftan
LOM KYRKJE kl. 15:00. Familiegudsteneste. Offer til Frelsesarmeen. Påmelding til kyrkjekontoret. Sjå rubrikk i bladet.

Fredag 25.12. 1. juledag
GARMO KYRKJE kl. 11:00. Juledagsmesse. Offer til Kirkens bymisjon.
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Juledagsmesse. Offer til Kirkens bymisjon

Torsdag 31.12. Nyårsaftan
LOM KYRKJE kl. 23:00. Midnattsmesse. Fellesmesse med Skjåk.

Sundag 03.01
GARMO KYRKJE kl. 11:00.
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00

Sundag 10.01
LOM KYRKJE kl. 11:00

Sundag 24.01
LOM KYRKJE kl. 11:00

Sundag 31.01
GARMO KYRKJE kl. 11:00.
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00

Sundag 07.02
LOM KYRKJE kl. 11:00

Sundag 21.02
GARMO KYRKJE kl. 11:00 Biblar til 9-åringane
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00 Biblar til 9-åringane

Sundag 28.02
LOM KYRKJE kl. 11:00

Sundag 14.03
LOM KYRKJE kl. 11:00

Sundag 21.03
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.
GARMO KYRKJE kl. 19:00

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no. Lom Kyrkjekommune.

Juletefesten som brukar å vera på samfunnshuset i Bøverdalen 4. juledag, lyt vi dessverre avlyse dette året grunna covid-19

Som ein kan sjå av messeplanen i dette kyrkjebladet, vil vi no prøve å flytte messene kl. 14:00 til kveldsmesser kl. 19:00.

Sjul i Lom

Program: 

Freitag 27. november
18:00 Vi tenner ljosa i Lom nasjonalparklandsby, korsong, tale frå ordførar og utdeling av årets kulturpris.
Stad: Tor Jonsson plass

Butikkar og kafear er opne.



Laurdag 28. november

Butikkar og kafear er opne.

Sundag 29. november
15:00 Ljosmesse i Lom kyrkje
16:00 Fakkeltog frå kyrkjevollen
16:30 Høgtlesing for ungane rundt juletrcet - kanskje kjem nissen og?

NB! Hjelp oss med smittevern: Hald avstand, ha god hand-og hostehygiene og hald deg heime om du er sjuk.



PS: Fa og med deg dette:
Handelshelg 4.-6. des.
(Julemarknad i Presthaugen er avlyst.)



Inflensasvaksining i Lom

Lom kommune har ansvar for å tilby årets vaksine mot sesonginfluensa. I fyrste omgang har ein no tilbode vaksine til helsepersonell og innbyggjarar i risikogrupper, i råd med tilråding frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet. Personar med kronisk sjukdom og eldre har eit større sannsyn for å bli alvorleg sjuke av ein influensa, enn resten av befolkninga.

Folkehelse definerer risikogrupper slik:

- Alle over 65 år
- Bebuar i sjukeheim og omsorgsbolig
- Barn og vaksne med hjerte- og lungelidningar, diabetes, lever- eller nyresvikt, nevrologisk sjukdom, svekka immunforvar (samt deira pårørande) og svært alvorleg fedme.
- Gravide i 2. og 3. trimester, samt gravide i 1. trimester som har kronisk sjukdom eller er helsepersonell.

I år har ein merka ei betydeleg større interesse for å vaksinere seg, både nasjonalt og internasjonalt. Konsens av dette er at Norge per dags dato ikkje har nok vaksinar til alle i risikogrupper. Folkehelseinstituttet har ansvar for å sende vaksiner ut til kommunar, som har bestilt vaksiner på førehand. I Lom kommune har vaksininga gått føre seg i Utegard 27.10 og 28.10. Ein har desse to dagane vaksinert 224 personar. Nokre har fått både sesonginfluensasvaksine og pneumokokkvaksine. Innbyggjarane har halde seg til strenge smitteverniltak, og avviklinga gjekk smidig og effektivt føre seg. Det er ei god erfaring å ta med seg vidare med tanke på seinare massesvaksining.

Inflensasvaksinen vernar mot fleire ulike influensavirus, men ikkje mot andre virus og bakteriar som kan gje influensaliknande symptom - som til dømes covid-19.

Vaksining er likevel viktig for å:

- unngå alvorleg influensasjukdom
- redusere risikoen for dobbeltinfeksjon med influensa og covid-19
- unngå at helsepersonell blir sjuke på grunn av influensa
- for å hindre at influensaepidemien ytterlegare forverrar situasjonen i ei helsesteneeste som kan bli overbe lasta av covid-19.

Er du i risikogrupper er det tilrådd å ta vaksine mot influensa kvart år. Dette er nødvendig fordi influensavirus endrar seg heile tida, og vaksine blir tilpassa desse endringane kvart år.

Fram til 1. desember er influensasvaksine reservert til helsepersonell og folk i risikogrupper. Kommunen har etterbestilt 50 nye doser, men det er usikkert om vi vil motta dei frå Folkehelsa.

Er du i risikogrupper og skulle hatt vaksine? Du kan setje deg på liste ved å ta kontakt med Helsestasjonen på telefon 97667746 eller 97667747.

Ved å logge deg inn på helsenorge.no, vil du finne oversikt på vaksiner du har teke. Dette forusset at helsestasjonen har registrert vaksinen i det elektroniske journalsystemet som kommunen nyttar, og sendt til Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK.



God jul!

Samstundes vil vi takke for alle gåver vi har fått i 2020 og for alle samarbeid gjennom året.

Vi gler oss på ein normal kvardag med opne dører og aktivitetar!

med dei nasjonale føringane som er lagt med tanke på smittevern. Dette vil og sjølv sagt prege advent- og julehøgtida i 2020. Vi kan dessverre ikkje opne for dei aktivitetane vi har hatt førre år. I år vil det berre vera arrangement for pasientar/brukarar og dei næraste pårørande i tråd

Året 2020 vart eit spesielt år for oss alle, særleg spesielt har det vore for pleie og omsorg, både for tilsette og pasientar/brukarar. Pleie og omsorg vil takke for godt tålmod og forståing for korleis vi har måtte lagt opp

vår nye kvardag i ein pandemi som har prega oss alle.

Kjære bygdefolk!

Ei helsing frå pleie- og omsorg Lom kommune

Ein takk til Gausdal Landhandleri

Heimebasert omsorg vil takke Gausdal landhandleri for sponsing av måling og målingsutstyr i samband med oppussing av pauserom.

TAKK FOR DU HELD UT!

- med å vaske hend,

hoste i papirlommetørkle,

hugsar avstand og

held deg heime når du er sjuk.

Ta godt vare på kvarande.

Vi ynskjer deg ei god jul og eit godt nytt år!

Beste helsing Lom kommune



Kommande framsyningar på kino i

27.nov

Kl. 18:00 – Jul på Kutoppen

04.des

Kl. 18:00 – Brillebjørn feirer jul

18.des

Kl. 18:00 – Snekker Andersen og

Julenissen: Den vesle bygda som


glømte at det var jul.

billetter og meir informasjon:

www.lom.no

facebook.com/utgardfleurbrukshus

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 3 2020